



## Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
018/14	Formannskapet	06.03.2014
012/14	Kommunestyret	20.03.2014

Saksansvarleg: Haakon Skjerdal

Arkivsaknr.: Arkiv  
12/37-12 K1-025, K3-&30,  
GBNR-12/18 Sakshandsamar  
Haakon Skjerdal, 57 63 29 71  
Dato  
25.02.2014

### **Sogn jord og hagebruksskule - tilbakemelding på førespurnad om finansiell medverknad i investerings- og driftsutfordringane ved skulen**

#### **Kort samandrag**

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune handsama i møte 27.11.2013 sak om Sogn Jord- og hagebruksskule (SJH), der skulen si framtid var tema.

I brev datert 29.11.2013, ber fylkeskommunen Aurland kommune om å klårgjera ev eigen finansiell medverknad i investerings- og driftsutfordringane til skulen.

Frist for tilbakemelding er sett til 15. mars 2014.

Utgangspunktet for denne saka er ulike modellar for økonomisk medverknad frå Aurland kommune til utbygging og vidare drift av SJH.

- Etablering av ei stifting for å realisera nødvendig fornying av skulebygningane (Denne modellen er tilrådinga frå rådmannen)
- Reint tilskot til fylkeskommunen (grunngjeving for kvifor rådmannen ikkje vil tilrå dette)
- Opprettig av SJH som privat vgs (vert ikkje drøfta inngåande)
- Kommunal overtaking av skulen (vert ikkje drøfta inngåande)

Det vedlagde dokumentet "Innbyding til etablering av stifting", er i sin heilskap utarbeidd av Aurland kommune. Sogn og Fjordane fylkeskommune og Veneforeininga for Sogn Jord- og Hagebruksskule vert inviterte til å vera initiativtakrarar saman med Aurland kommune.

#### **Rådmannen si tilråding:**

1. Aurland kommune tilrår at det med utgangspunkt i det føreliggjande prospektet vert oppretta ei stifting med føremål å tryggja og utvikla Sogn Jord- og Hagebruksskule (SJH) som landbrukskule for økologisk landbruk og berekraftig næringsutvikling i landbruket
2. Aurland kommune er innstilt på å delta som medstiftar med inntil 5 mill. kroner.
3. Aurland kommune sin del av stiftingskapitalen vert finansiert ved bruk av konsesjonsavgiftsfondet.
4. Aurland kommune vil samarbeida med Sogn og Fjordane fylkeskommune med tanke på å få til nok stiftingskapital, medverknad frå statlege styresmakter og sikring av forsvarlege avtalar om framtidig drift av SJH.
5. Aurland kommune finn ikkje grunnlag for å yta driftstilskot til skulen.

## **06.03.2014 FORMANNSKAPET**

### **FS-018/14 VEDTAK:**

1. Aurland kommune tilrår at det med utgangspunkt i det føreliggjande prospektet vert oppretta ei stifting med føremål å tryggja og utvikla Sogn Jord- og Hagebruksskule (SJH) som landbrukskule for økologisk landbruk og berekraftig næringsutvikling i landbruket
2. Aurland kommune er innstilt på å delta som medstiftar med inntil 5 mill. kroner.
3. Aurland kommune sin del av stiftingskapitalen vert finansiert ved bruk av konsesjonsavgiftsfondet.
4. Aurland kommune vil samarbeida med Sogn og Fjordane fylkeskommune med tanke på å få til nok stiftingskapital, medverknad frå statlege styresmakter og sikring av forsvarlege avtalar om framtidig drift av SJH.
5. Aurland kommune finn ikkje grunnlag for å yta driftstilskot til skulen.

Samrøystes

.....

## **20.03.2014 KOMMUNESTYRET**

### **KS-012/14 VEDTAK:**

1. Aurland kommune tilrår at det med utgangspunkt i det føreliggjande prospektet vert oppretta ei stifting med føremål å tryggja og utvikla Sogn Jord- og Hagebruksskule (SJH) som landbrukskule for økologisk landbruk og berekraftig næringsutvikling i landbruket
2. Aurland kommune er innstilt på å delta som medstiftar med inntil 5 mill. kroner.
3. Aurland kommune sin del av stiftingskapitalen vert finansiert ved bruk av konsesjonsavgiftsfondet.
4. Aurland kommune vil samarbeida med Sogn og Fjordane fylkeskommune med tanke på å få til nok stiftingskapital, medverknad frå statlege styresmakter og sikring av forsvarlege avtalar om framtidig drift av SJH.
5. Aurland kommune finn ikkje grunnlag for å yta driftstilskot til skulen.

Samrøystes

.....

### **Vedlegg:**

Vedlegg:

J.dato	Tittel
02.12.2013	Sogn Jord- og hagebrukskule - vegen vidare - oppfølging av fylkesutvalet sitt vedtak i sak 116/13
09.01.2014	Utgreiinga Verdiar for framtida
24.02.2014	Invitasjon - Stiftingsdokument - SJH

## Relevante dokument i saka

### Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.

Privatskulelova

### Saksutgreiing

#### Utspel frå fylkeskommunen

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune handsama i møte 27.11.2013 sak om Sogn Jord- og hagebrukskule (SJH), der skulen si framtid var tema.

Punkta 2, 4 og 5 i vedtaket er slik (heile skrivet ligg elles vedlagt saka):

2. Fylkeskommunen vil i utgangspunktet vere innstilt på følgjande:

- a. Dekke 60 % av eit kortsiktig investeringsbehov anslått til 43 mill. 2013-kr.
- b. Gjennom ein intensjonsavtale vere med på å ta eit finansielt delansvar også for det langsigchte investeringsbehovet ved skulen, anslått til nye 30 – 40 mill. 2013-kr.
- c. Dekke om lag halvparten av dei løpende driftsutgiftene, ekskl. kapitalutgiftene, som staten ev ikkje dekkjer. I 2012 utgjorde dette i alt 2,9 mill. kr.

4. Fylkeskommunen vil også be Aurland kommune klårgjere ev eigen finansiell medverknad i investerings- og driftsutfordringane til skulen, fj. pkt 2 over. Som lekk i dette ønskjer ein at Aurland kommune òg klargjer om det er grunnlag for annan finansiell medverknad enn frå stat og kommunesektor.

5. Det vert lagt til grunn at fylkestinget i juni 2014 tek endeleg stilling til framtida for Sogn jord- og hagebrukskule.

Fylkesrådmannen ber i brevet om at Aurland kommune innan 15. mars 2014 gjev ei tilbakemelding i høve vedtakspunkt 4, første del.

I sak FS-053/13 vedtok formannskapet å laga ei utgreiing om den verdien Sogn Jord- og hagebrukskule har for opplæring, kompetansemiljø og næringsutvikling

Etter ein kort anbodsrunde fekk Aurland Naturverkstad i oppdrag å laga utgreiinga. Ho fekk tittelen *Verdiar for framtida*, og vart overlevert kommunen 15.11.2013.

### Alternative modellar for økonomisk medverknad

I utgreiingsarbeidet har ulike modellar for økonomisk medverknad frå Aurland kommune til utbygging og vidare drift av SJH vore drøfta.

### a. Oppretting av SJH som privat vgs

Privatskulane driv med støtte frå det offentlege. Tilskotet svarar til 85 % av tilskotsgrunnlaget, som er rekna ut frå kostnadene per elev i den offentlege skulen.

29. juni 2007 vart lova stramma inn og endra namn. Det blei svært vanskeleg å starta privatskular. I utgangspunktet er det berre tillate med religiøse eller pedagogiske alternativ. Lova skifta òg namn frå friskulelova til [privatskulelova](#).

Den noverande regjeringa har signalisert at dei vil gjera det lettare å etablera privatskular.

[Steinerskulen](#) og [Montessoriskulen](#) er døme på privatskular. Ein går ikkje inn på noko vidare drøfting for eller i mot dette alternativet.

### b. Reint tilskot frå kommunen til fylkeskommunen

I skrivet frå fylkeskommunen går det frå at dei i utgangspunktet vil vera innstilt på å dekke 60 % av eit kortsiktig investeringsbehov anslege til 43 mill. 2013-kr. Dette tilsvasar då 25,8 mill. 2013-kr.

Av dei resterande 40 % av investeringsbehovet ( 17,2 mill. 2013.kr) kan det vera eit alternativ til finansiering å gje eit lån eksempelvis på kr 10.000.000 med nedbetalingstid 20 år. Ved å gjere lånet rentefritt samt at ein ventar med nedbetaling til etter 10 år, vil dette vera ei gunstig finansiering for fylket.

For Aurland kommune vil konsekvensen vera ein kostnad på kr 500.000 + renter pr år som må innbakast i driftsbudsjetten og økonomiplan dei neste 10 åra. I tillegg må det gjerast endringar i finansieringa av investeringane slik at ein får frigjort midlar til eit slikt utlån. Dette vil i praksis seia at det meste av investeringane må finansierast gjennom lån slik at ein kan auka fonda og bruka disposisjonsfond/konsesjonsavgiftsfond som finansieringskjelde for utlånet.

Det vil sjølv sagt også vera muleg å gje dette eller deler av det som tilskot, men dette vil ikkje vera å tilrå med tanke på storleik og presedens overfor andre aktørar.

### c. Etablering av ei stifting for å realisera nødvendig fornying av skulebygningane

I tillegg til å klårgjera ev eigen finansiell medverknad i investerings- og driftsutfordringane til skulen, ber fylkeskommunen også Aurland kommune om å klargjera om det kan vera grunnlag for annan finansiell medverknad enn frå stat og kommunesektor.

Som eit svar på denne problemstillinga, har kommunen utarbeidd eit prospekt som tek sikte på at det vert etablert ei stifting for å realisera nødvendig fornying av skulebygningane på SJH – Landsline for økologisk landbruk (sjå vedlegg Invitasjon – Stiftingsdokument – SJH).

#### Kva er ei stifting?

Val av organisasjonsform føreset ein del juridiske avklaringar, og for å kvalitetssikra desse, har ein rådført seg med Deloitte AS. Vurderingar som ligg føre frå dei, avgrensar seg i hovudsak til det juridiske og budsjettmessige.

Det er *Lov om stiftelser* av 2001(heretter kalla stiftingslova) som regulerer opprettning og drift av ei stifting. I § 2 finn me denne definisjonen:

*"Med stiftelse forstås en formuesverdi som ved testament, gave eller annen rettslig disposisjon selvstendig er stilt til rådighet for et bestemt formål av ideell,*

*humanitær, kulturell, sosial, utdanningsmessig, økonomisk eller annen art. En rettsdannelse som oppfyller vilkårene i første punktum, er en stiftelse etter denne loven, uavhengig av om den er betegnet som legat, institusjon, fond eller annet.”*

Ei stifting er etter dette *ikkje* eit rettsfellesskap, men ein kapital som er fristilt i høve eigarinteresser. Ein seier difor gjerne at ei stifting er sjølveigande.

Ei stifting må organiserast gjennom vedtekter, jf stiftingslova § 6. Hovudelementet i organiseringa er styret, jf stiftingslova § 5. Medlemmane i styret skal veljast etter retningslinjer fastsette i vedtekten.

### Kvifor stifting

Ei stifting står på mange måtar friare enn ei offentleg verksemd. Erfaring frå andre stiftingar tilseier at det er enklare å få med seg andre bidragsytarar, noko som vil redusere kapitalkostnadene ved oppføring av bygg. Dette igjen vil redusere skulen sine kostnader og gjøre skulen mindre avhengig av offentlege tilskot til drift av bygga.

### Forankring i kommunale styringsdokument

Det er ei prioritert kommunal målsetting både å skapa nye og å sikra alt eksisterande arbeidsplassar. Dette er sjølv sagt ein viktig grunn til at Aurland kommune vil satsa mykje på å oppretthalda SJH som ein levande skule.

I tillegg kjem verdien av det grøne kompetansemiljøet som alt finst på skulen, og som skapar ringverknader både i lokalmiljøet, i regionen og i landet elles (Jf rapporten).

I kap 2.3 i framlegget til Kommunedelplan for næring ”*Næringsutvikling i Aurland – våre fortrinn og moglege strategiar*”, les me på side 7 m.a.:

*Utviklingsmoglegheitene innanfor næringslivet ligg i:*

.....

#### *Landbruk*

- Vidareutvikling av småskala foredling av råvarer produsert lokalt kopla opp mot kompetansen på Sogn Jord- og hagebruksskule

#### *d. Kommunal overtaking av SJH*

Regjeringa har opna for at kommunane som ei prøveordning kan overta fylkeskommunale oppgåver.

Ein finn det ikkje rett å gå nærmare inn på dette no.

### **Økonomiske konsekvensar**

Dei ulike modellane slår ulikt ut økonomisk for kommunen.

I denne saka vert det ikkje gjort greie for kostnader knytte til etablering av SJH som privatskule, ut over det som står i pkt. a. over.

Dersom kommunen skulle gje eit reint tilskot til investeringar tilsvarande 40 % av behovet, ville kommunen måtte låna pengar til dette.

Den modellen som rådmannen tilrår, er ryddig, føreseieleg og god, samstundes som den økonomiske belastninga for kommunen er akseptabel.

### **Vurdering**

#### Historikk:

Sogn jord- og hagebruksskule vart oppretta i 1917 på garden Lunde, og driven i privat regi fram til om lag 1940, då kommunen kjøpte garden. 21. april 1941 vart eigedomen, gnr 12 bnr 18 Urdal, overdregen frå Aurland kommune til

fylkeskommunen vederlagsfritt. Det er ordførar Jens Lunde som har signert skøyta, og det var òg han dom grunnla SJH.

All undervisning vart økologisk frå 1987, og den økologiske landslina vart opna i 1990.

Framtida til SJH har vore oppe til drøfting gjennom dei siste 30 åra, og no er problemstillingar rundt skulen si framtid enno ein gong aktualisert.

#### Situasjonen i dag:

SJH er ein vidaregåande skule, og såleis eit fylkeskommunalt ansvar.

Utdanningstilbodet med Vg2 og Vg3 er kjerneverksemda på SJH. Etter fullført Vg3 Landbruk vert elevane agronomar i økologisk landbruk.

SJH tilbyr ikkje Vg1 Naturbruk. Dette betyr at elevane enten må ha fullført Vg1 Naturbruk (etter Kunnskapsløftet), fullføra Grunnkurs Naturbruk (frå Reform 94) eller ha opparbeidd tilsvarande kompetanse på anna måte.

Med tanke på ei breiare rekruttering til skulen, vil det heilt klart vera ein fordel å oppretta eit Vg1- tilbod. Dette ønskjet har lenge vore fremja frå skulen si side, utan at ein har vunne fram med det.

#### SJH sin status i fagmiljø:

Sogn Jord- og Hagebruksskule er eineståande i Noreg. Elevane som startar her, gjer det fordi skulen er det einaste heiløkologiske utdanningstilbodet på vidaregåande nivå i Noreg.

Dei som deltek på kurs, gjer det fordi skulen sitt ressurssenter har det einaste kurstilbodet innan ysting basert på upasteurisert mjølk, og kan visa til ei eineståande kopling mellom kursstad/skule, gardar og bedrifter i lokalmiljøet, t.d. når det gjeld ølproduksjon.

Universitetet for miljø og biovitenskap nyttar SJH og Aurland som døme i sine forskings- og utviklingsprosjekt, sender studentane sine til Aurland på utveksling og samarbeider med skulen om konkrete prosjekt. UmB gjer dette fordi SJH er den einaste skulen som på ein systematisk måte har utvikla stadbaseret læring og berekraftig utvikling på grunnskulenivå. Måten dette er gjort på, kan nyttast som ein universell modell.

#### Korleis nå det nasjonale målet om 15 % økologisk innan 2020?

Utvikling av økologisk landbruk og omsetnad av økologiske landbruksprodukt er eit nasjonalt satsingsområde, og er omtala i Stortingsmeldinga "Velkommen til bords" Meld.St. 9 (2011-2012). I meldinga sitt kapittel 5 om Matmangfold og næringsutvikling, har økologisk matproduksjon ein sentral plass. Det står at auka merksemrd om forbrukaren vil styrka næringa si konkurranseskraft, og at økologisk produksjon har ein naturleg plass i Noreg, både i eit miljøperspektiv og for å sikra eit mangfold til forbrukar. I "Velkommen til bords" er det sett eit mål om at 15% av matproduksjonen og matforbruket skal vera økologisk innan 2020.

For å kunna følgje opp dette ambisiøse målet, er det avgjerande nødvendig at det blir utdanna agronomar med kunnskap om økologisk matproduksjon.

Institut for Fødevare- og Ressourceøkonomi ved Københavns Universitet gav nyleg ut rapporten *Miljøpåvirkninger af importerede økologiske fødevarer: Frukt, grønt og*

ost. Her vert det konkludert med at økologisk landbruk er den mest berekraftige produksjonsmetoden på lang sikt. Dette vert forklart med at me gjennom økologisk produksjon unngår restar av sprøytemiddel, vernar om drikkevassressursane våre og skapar ei meir fruktbar jord som er fundamentet for matvareproduksjon i framtida.

I eit brev til Sogn og Fjordane fylkeskommune den 28. oktober 2013, peikar Oikos, Utviklingsfondet, Noregs bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag på at "*FN sin mat og landbruksorganisasjon (FAO) har i flere rapporter slått fast at økologisk landbruk bidrar til økt matvaresikkerhet og mindre utsipp av klimagasser; bruk av lokale ressurser, resirkulering av næringsstoff, oppbygging av organisk materiale i jorda, redusert nitrogenkjødsling og bruk av tungt løselige gjødselslag vil være gunstig i et klimaperspektiv.*"

#### Globale utfordringar:

Nyare forsking viser at ei anna utfordring verda no står overfor, er den venta fosforkrisa. Fosfor er eit grunnstoff som både menneske og planter treng tilførsel av for å overleve, men som samstundes er ein ikkje-fornybar ressurs. Mineralgjødsel brukt i industrielandbruket medverkar såleis til at den globale fosforbeholdninga minkar, og at det er avgjerande å finne gode løysingar for korleis vi kan ta vare på og utnytta det fosforet som allereie er i omløp. Her vil kunnskap om økologiske prosessar spela ei viktig rolle.

Økologisk produksjon imøtekjem fleire tunge utviklingstrendar i den vestlege matmarknaden, som fokus på sporbarheit, råvarekvalitet, helse, miljø og etikk. Medan etterspurnaden og betalingsviljen for økologiske produkt er aukande, viser statistikken at Noreg heng etter andre land når det gjeld tilgang til økologiske varer for forbrukarane.

For å imøtekamma dei globale utfordringane knytt til miljø og klima, vil me vera tente med å skapa eit meir berekraftig samfunn gjennom å påverka samfunnsmentaliteten og verdiane.

For å unngå store samfunnskostnadalar vil me vere tente med å skapa alternative pedagogiske tilbod til ungdom med særskilte behov.

#### Konklusjon:

For Aurland kommune tykkjest det både uforståeleg, ulogisk og uforsvarleg å leggja ned ein skule og eit kompetansemiljø som har utvikla seg til å bli leiande i landet på nettopp den kunnskapen som trengst for å løysa behova nemnt over!

**Ei opprusting av bygningsmassen på SJH vil vera ein avgjerande faktor for å oppretthalda den arenaen der synergiane som er viste til i den vedlagde rapporten kan blomstre. Dette er pr. i dag Sogn og Fjordane Fylkeskommune sitt ansvar. Samstundes er verdiskapinga som følgjer av SJH som aktivitets-, kunnskaps-, og opplevingssenter av stor nasjonal interesse. Dette gjer at dei naudsynte investeringane òg bør vera eit nasjonalt ansvar.**